



### Vil høyre akkurat di historie !

Når du som pasient/brukar og/eller dine pårørande og nærpersonar har noko de ønsker å fortelle, så ber vi i Lytteposten i Helse Førde HF om at du/de deler opplevingane med oss ! Lytteposten er eit lågterskeltilbod der du kan gi helseføretaket tilbakemelding knytt til dine erfaringar i sjukehusa våre.



Fotografi: Steinar Barmen

Lytteposten skal vere eit supplement til andre ordningar. I hovudsak vil di tilbakemelding bli handsama per telefon. Får du ikkje svar akkurat når du ringer, kan du legge att ei melding på telefonsvararen, og så lovar vi å ringe deg tilbake. Alle førespurnader blir registrerte, og alle får tilbakemelding knytt til si sak.

Vårt mål er at pasientar og pårørande skal kjenne seg høyrde. Lytteposten er til for brukarane våre, og innspela vil bli nytta til systematisk forbetningsarbeid internt i føretaket. Gjennom Lytteposten kan du gje oss tips og informasjon som vi kan lære av, og som slik kan vere med å gjere tilboda våre endå betre! Du kan kontakte oss på telefon nr. 415 30 350 og/eller [e-post](#). Ved bruk av elektronisk post, så er det viktig at denne ikkje inneheld sensitive helse- eller personopplysningar.

Vi gjer merksam på at Lytteposten ikkje er kanalen der du formidlar dei alvorlege klagesakene. Alvorlege saker som gjeld pasientskader eller andre lovregulerte rettar må framleis handsamast etter vanleg skriftleg saksgang, og ikkje ved Lytteposten. Dette betyr at klager på behandling eller klager på helsepersonell skal meldast skriftleg, og gå gjennom dei formelle kanalane som finst for slike saker. Døme på tema og saker som vil høve for Lytteposten kan vere: kvalitet på mat og reinhald, spørsmål knytt til omgjevnadar, miljø og vedlikehald, kvalitet på informasjon og dialog med våre tilsette, og korleis du som pasient eller pårørande opplever å bli møtt.

### Prøvar ut digitalt hjelpemiddel for pasientmedverknad



Lærings og meistringssenteret i Helse Førde HF gir i samarbeid med Medisinsk Poliklinikk eit rehabiliteringstilbod for menneske med KOLS (kronisk obstruktiv lungesykdom). Målet er at den det gjeld skal kunne leve best mogleg med sjukdommen gjennom å få auka kunnskap og innsikt, bli motivert til fysisk aktivitet, oppleve meir meistring og auka evne til å klare daglege aktivitetar.

Lungesykdom varierar både i alvorsgradgrad, og korleis den påverkar dagleglivet. Studiar viser at helsepersonell ikkje alltid klarer å fange opp kva pasienten sjølv opplever som hovudproblemet. I lys av dette er ein no starta å teste ut eit digitalt hjelpemiddel for pasientmedverknad, [Choice kols](#).

Digitaliserte spørreskjema som dette er med å kvalitetssikre og effektivisere sjølvrapporteringa frå pasientane. Slik kan den einkilde rapportere sine symptom og utfordringar i høve til fysiske, funksjonelle og psykososiale forhold. Programmet gir til slutt ei oppsummering av kartlegginga som teiknar eit bilete på symptom og opplevde helseutfordringar. Målet med kartlegginga er å styrke den einkilde «si røyst», og tilpasse rehabiliteringsprogrammet etter den einkilde sine individuelle behov og ønske.

## Etablerer læringsarena knytt til psykisk helse for pårørende og fagfolk

[Landsforeningen for Pårørende innen Psykisk helse \(LPP\)](#) har tatt initiativ til å etablere «Møteplass» som er ein arena der pårørende til menneske med psykiske lidingar kan treffast saman med fagfolk frå kommunar og helseføretak. Målet er å legge til rette for eit likeverdig møte med rom for for gjensidig læring, der pårørende sin situasjon skal vere i fokus.

Pårørende er alle som er berørt av at ein person har livsutfordringar knytt til si psykiske helse. Døme kan vere born, søsken, foreldre, besteforeldre, vener og naboar. Fagfolk er alle som gjennom arbeidet sitt er involvert i den som har utfordringane, og/eller deira familie/nettverk.



Intensjonen med Møteplassane er å inspirere pårørende/nærpersonar til å spre erfaringskunnskap gjennom å dele sine opplevsar og refleksjonar. Fagfolk skal øve seg på å tenke heilskapleg og systemorientert i høve til utfordringane dei pårørende og deira familiar står i. Tanken er at det i spenningsfeltet mellom pårørende og fagpersonar sine kunnskapar, kan oppstå nye innsikter som kan vere med å utvikle og forbetre tenestene. Biletet syner fagpersonar på Møteplassen i Førde. Fotografi ved Are Mikael Lillebø

I Sogn og Fjordane er «Møteplassar» under etablering i kommunane Sogndal, Eid og Førde. I første omgang skal ein skulere, og gi opplæring til det ein forstår som «Møteplassvertar». I tillegg til fagfolk frå [Psykisk Helsevern](#) i Helse Førde HF, bidrar og representantar frå [Lærings- og meistringssenteret](#) med å legge til rette for etablering og drift av tilboda. Ein har til no hatt ei samling med Møteplass i Frisklivssentralen sine lokale i Førde kommune. Med nær 30 deltakarar synes interessa for dette tilbodet å vere stor.

## Har du gitt høyringsvar i høve Prehospital plan ?

Rapporten frå første fase i arbeidet med ein [plan for dei prehospitala tenestene i Helse Førde HF](#) er ute på høyring. Styret har tidlegare vedtatt at prosessen med ein plan for heile det prehospitala området skal gjennomførast i tre fasar. I dei to siste fasane skal det lagast detaljerte modellar for framtidias ambulanseteneste. Siste fase er å sette ut i livet modellen styret går inn for.

Rapporten er utarbeidd av ei breitt samansett gruppe med deltakarar frå Helse Førde HF, kommunar og brukarar. Det har og vore sett ned ei referansegruppe med brei fagleg kompetanse.

Høyringsfristen er 30. mai. Etter det skal føretaket arbeide aktuelle innspel og kommentarar til ein endeleg versjon som styret i Helse Førde HF skal ta stilling til i vår. Dette er ei svært viktig teneste for innbyggjarane i Sogn og Fjordane, og vi håpar at flest mogleg vil gi innspel.

